




## Kulturskulen er ute med ny cd



I desse dagar er kulturskulen ute med nye innspelingar. Kulturskulen har sidan 2012 gitt ut 5 cd-ar + ein julecd. Tida for cd-ar er på hell, så me har bestemt oss for at denne utgjevinga vert digital.

Rundt påsketider kan du høyra alle dei 30 innspelingane på Spotify om du søker Masfjorden kulturskule.

Utgjevinga har fått tittelen « Terningkast 6! » så det skulle borga for kvalitet.

Og her er det mange godbitar! Du kan høyra alt frå sjarmerande nybegynnalar til rutinerte vidarekomne elevar. Ungdommane på Masfjorden bu- og aktivitetssenter har og bidrige med fleire innslag.

Alle innspelingane er gjort i studioet til kulturskulelærar Jon Martin Skauge dei to siste åra.

-For meg er det eit privilegium å få besøk av elevar i studioet, seier han. -Elevane lærer utruleg mykje av å arbeida i studioet, høyra seg sjølv og bli «konfrontert» med sine eigne innspelingar. Og eg trur elevane synest det er stas å vera her, at dei har eit slikt konkret mål å arbeida mot. Nesten slik at dei ikkje vil gå når dei er ferdige. Og sjølv lærer eg mykje av arbeidet, både gjennom korleis eg best kan rettleia dei, i tillegg til arbeidet med sjølve produksjonen. Å ferdigstilla kvar innspeling er givande, men også tidkrevjande arbeid.

Elevane i kulturskulen i Masfjorden er heldige som har eit slikt tilbod!

Publikum vil få smakebitar av alle innspelingane på dei tre konsertane i kulturskuleveka 12.-21.03

Håpar du likar det du hører!

Helsing kulturskulen

**MASFJORDEN  
KULTURSKULE  
TERNINGKAST 6!**

